

## Kraftsituasjonen veke 27, 2011

### Rekordhøg nettoeksport

Nettoeksporten av kraft ut frå Noreg var i veke 27 på 617 GWh. Det er den høgaste registrerte nettoeksporten frå Noreg i løpet av ei veke nokosinne. Mykje nedbør dei siste vekene har vore med på å fylle opp vassmagasina som no har ein fyllingsgrad rundt det normale for årstida. Veke 27 var preget av lite vind i Danmark og på kontinentet, noko som medverka til høg etterspurnad etter norsk vasskraft. Noreg hadde derfor tilnærma full eksport til Nederland og Danmark gjennom heile veka. I tillegg hadde Noreg høg eksport til Sverige, spesielt frå Aust-Noreg der magasininfyllinga er høgast i landet og det er mykje uregulerbar vasskraftproduksjon.

Store delar av kraftproduksjonen i veke 27 kom frå uregulerbar elvekraftproduksjon og produksjon frå magasiner som er opp mot fulle. Det at Noreg har muligskapen til å eksportere krafta fører til mindre tap av vatn frå slike kraftverk. Det er ein del store magasin som tar lang tid å fylle opp og som framleis har låg magasininfylling. Desse sparer no på vatnet.

<b>Magasinfylling</b>	Ved utgangen av veke 27 var fyllingsgraden i norske magasin 70,5 prosent. Gjennom veka auka fyllingsgraden med 3,3 prosenteningar mot 5,5 prosenteningar veka før. Høgare produksjon og lågare tilsig er årsaka til at auken i magasinfyllinga vart mindre enn veka før. Magasinfyllinga er 1,8 prosenteningar under medianverdien, men 20,5 prosenteningar over minimumsverdien for same veke frå 1996. Til same tid i 2010 var fyllinga 56,0 prosent.
<b>- Høgast magasinfylling i Aust- og Midt-Noreg</b>	I Aust-Noreg (elspotområde NO1) var fyllingsgraden 82,4 prosent, ein auke på 4,4 prosenteningar frå veka før. I Sørvest-Noreg (elspotområde NO2) auka fyllingsgraden med 3,0 prosenteningar til 62,1 prosent, mens Vest-Noreg (elspotområde NO5) hadde ei fylling på 72,5 prosent. Det er ein auke på 3,9 prosenteningar. Midt-Noreg (elspotområde NO3) hadde ei fylling på 82,2 prosent, ein auke på 2,4 prosenteningar. I Nord-Noreg (elspotområde NO4) auka fyllingsgraden med 3,0 prosenteningar til 70,2 prosent.  Svenske magasin hadde ein fyllingsgrad på 73,6 prosent, ein auke på 1,2 prosenteningar frå veka før. Magasinfyllinga er 1,1 prosenteningar under medianverdien for veka, men 7,3 prosenteningar over fjorårets nivå.
<b>Vêr og hydrologi</b>	Det nyttbare tilsiget for veke 27 var 5,1 TWh, eller nesten 10 prosent meir enn normalt. Til no i 2011 har tilsiget vore vel 77 TWh eller 11 TWh meir enn normalt. Basert på dagens meteorologiske prognosar er det i veke 28 venta eit energitilsig på 3,5 TWh, eller ca 15 prosent mindre enn normalt.
<b>- Høgare tilsig enn normalt</b>	I veke 27 kom det 20-60 mm nedbør i store delar av Sør-Noreg. I Midt- og Nord-Noreg kom det dei fleste stader mellom 10 og 30 mm. Rekna om til nedbørenergi kom det 3,2 TWh eller ca 50 prosent meir enn normalt. Hittil i år har det kome 73 TWh nedbørenergi, eller nesten 19 TWh meir enn normalt. I veke 28 er det venta mindre nedbør med 10-30 mm over store delar av landet. Totalt er det venta 1,5 TWh, eller vel 30 prosent mindre enn normalt.
<b>- Meir nedbør enn normalt</b>	
<b>- Mildt vêr i heile landet</b>	I veke 27 var temperaturane 3-5 grader over normalt i heile landet. I veke 28 er det venta kaldare vêr med temperaturar 1-2 grader over normalt i Sør- og Midt-Noreg og 1-2 grader under normalt i Nord-Noreg.
<b>Produksjon og forbruk</b>	Det nordiske totalforbruket var i veke 27 lik som veka før med eit forbruk på 5961 GWh. Det var liten endring i Sverige der forbruket steig meg 3 GWh. I Finland auka forbruket med 42 GWh, mens forbruket i Danmark gjekk ned med 8 GWh.
<b>- Stabilt nordisk kraftforbruk</b>	Forbruket i Noreg gjekk ned med 37 GWh. Det var nedgang i alle dei 5 norske elspotområdene, men størst var nedgangen i Midt-Noreg der forbruket gjekk ned med 36 GWh. Varmare vêr i området har medverka til forbruksnedgangen.
<b>- Lågare dansk vindkraftproduksjon</b>	Det var ein nedgang på 25 GWh i den nordiske produksjonen. I Danmark sank vindkraftproduksjonen med 68 prosent, noko som medførte til ein nedgang i vindkraftproduksjonen på rundt 136 GWh. Den totale produksjonen i Danmark gjekk ned med 102 GWh, noko som tydar på at auka prisar har medført til høgare termisk produksjon i Danmark. I Sverige var det ein nedgang i produksjonen på rundt. Det til tross for at produksjonen i dei svenske kjernekrafta auka frå 67 til rundt 72 prosent av kapasitet. I Finland var det ein auke i produksjonen på 16 GWh. Høgare prisar har truleg medført til høgare termisk kraftproduksjon.
<b>- Høg produksjonsauke i Aust- og Vest-Noreg</b>	I Noreg var produksjonen i veke 27 på 2441 GWh. Det er ein oppgang på 129 GWh frå førre veke. Lågare vindkraftproduksjon i Danmark og Europa medverka til auka etterspørsel etter norsk vasskraft. I tillegg byrjar fleire magasiner å fylle seg opp, som er med på å gjere vasskraftprodusentane meir villige til å produsere.  Produksjonen auka mest i Aust-Noreg og Vest-Noreg med 60 og 44 GWh. Desse to områdene har høg magasinfylling noko som fører til auka risiko

for flomtap. I dei tre andre elspotområdene var det ein auke i produksjonen på mellom 3 og 15 GWh.

## Utveksling

### *- Lågare nordisk nettoeksport*

Norden hadde nettoeksport for tredje veka på rad. Det var ein nedgang på 25 GWh i nettoeksporten samanlikna med veka før. Sverige reduserte sin nettoeksport med 71 GWh Finland auak sin nettoimport med 26 GWh. Mens Danmark auka sin nettoimport med 94 GWh. Reduksjonen i vindkraftproduksjonen medverka til auken i nettoimport til Danmark.

### *- Rekordhøg norsk nettoeksport*

Noreg hadde ein nettoeksport på 617 GWh i veke 27. Det er ein auke på 165 GWh frå veka før, og den høgaste nettoeksporten frå Noreg i løpet av ein veke nokon gang. Den høge nedbørsmengden dei siste vekene, kombinert med høge europeiske prisar som følgje av nedstengte kjernekraftverk og låg vindkraftproduksjon, har vore medverkande til den høge eksporten.

### *- Større norsk nettoeksport*

Frå Sørvest-Noreg til Nederland og Danmark, samt frå Aust-Noreg til Sverige var det einsidig flyt av kraft opp mot maksimal kapasitet gjennom heile veka. Også Midt- og Nord-Noreg hadde flyt av kraft til Sverige store delar av veka, men i desse områdene var det berre i enkelte høglasttimar det var full flyt. Vedlikehaldsarbeid i overføringslinjene førte til at det ikkje var større flyt av kraft til Sverige frå Nord- og Midt-Noreg i desse timane.

Nord-Noreg eksporterte til Midt-Noreg store delar av veka. Dette førte til at Midt-Noreg totalt sett hadde like stor import som eksport. Alle dei resterande norske elspotområdene hadde nettoeksport. Aust-Noreg var det området med høgast nettoeksport med 251 GWh. Det var også det området med høgast auke i nettoeksporten med 63 GWh. Mykje tvungen produksjon i området frå elvekraftverk og kraftverk ved magasin med høg fyllingsgrad forklarar store delar av den høge importen.

## Prisar

### *- Auka spotprisar i Norden*

Dei fleste nordiske spotprisane steig i løpet av veka. Systemprisen steig med 6 prosent i løpet av veka. Bete kontroll på vatnet som følgje av mindre vind og lågare tilsig førte til at nattprisane ikkje blei så låge som veka før. I tillegg kom det inn vêrvarsla om at tørrare vêr som kan ha vore med å løfte prisane på dagtid.

Sverige og Finland hadde lik pris store delar av veka med unntak av tre timar på torsdag. Snittprisane for desse områda låg rundt 356,2 kr/MWh. Det er ein auke på 9 prosent frå veka før.

Vedlikehald i overføringsnettet medverka til at Nord-Noreg hadde lågare pris enn Midt-Noreg i nokon høglasttimar. Snittet for desse områda var høvesvis 344,6 kr/MWh i Nord-Noreg og 347,5 kr/MWh i Midt-Noreg. Det er ein auke på rundt 7 prosent frå førre veke. Begge prisane var lågare enn Sverige og Finland. Vedlikehaldsarbeid i overføringsnettet mot Sverige medverka til større prisforskjellar mot desse områdene enn tidlegare veker.

### *- Nedgang i prisane i Aust- og Sørvest-Noreg*

Aust- og Sørvest-Noreg var dei to einaste elspotområdene som hadde ein nedgang i prisane i veke 27. I begge desse to områda var prisen 317,1 kr/MWh som er ein nedgang på 1 prosent frå veka før.

Overføringskapasiteten frå Vest-Noreg til Sørvest- og Aust-Noreg var tilbake til full kapasitet søndag i veke 26. Dette medverka til utjamning av prisane mellom områdene. Dermed auka prisane i Vest-Noreg med 8 prosent og snittet for veka var i dette området 293,2 kr/MWh. Likevel var prisane framleis lågare i Vest-Noreg enn i Aust- og Sørvest-Noreg i rundt 75 prosent av timane. Mykje tilsig dei siste vekene og høg magasinbefylling i området har ført til høg produksjon av mindre regulerbar vasskraft, og dermed lågare prisar.

### *- Auke i dei nordiske terminprisane*

Det var ein oppgang på 3 prosent på fjerdekvartalskontrakten for 2010, samt for førstekvartalskontrakten for 2012. Fjerdekvartalskontrakten var sist handla til 391,6 kr/MWh, mens førstekvartalskontrakten hadde ei sluttkurs på 400,3 kr/MWh. Oppgangen kom i starten av veke 27 etter at det kom inn

varslar om tørrare vêt. Også auka brenselprisar kan ha vore med å medverka til prisoppgangen i denne perioden. På slutten av veka viste varsla igjen noko våtare vêt. I tillegg sank prisane på utslippskvotar. Dette var med på å trekke terminkurven litt ned igjen i slutten av veka.

Fjerdekvartalskontrakten for 2011 og førstekvartalskontrakten for 2012 i Tyskland steig med 2 prosent i løpet av veka. Prisane på dei to kontrakten var i slutten av veka på høvesvis 485,9 og 488,1 kr/MWh. Auka brenselprisar kan ha vore med på å medverka til prisoppgangen.

### **Sluttbrukar- prisar**

Det volumvege snittet av standard variabel kontrakt, tilbode frå eit utval av dominerande leverandørar, gjekk ned med om lag 2,1 øre for kontraktar levert i veke 29 samanlikna med kontraktar levert i veke 28. Den gjennomsnittlege prisen for veke 29 var 50,6 øre/kWh. Dette er 0,5 øre høgare enn ved tilsvarende veke i fjor.

### **- Varierande spotprisar mellom dei ulike elspotområda**

I veke 27 var den gjennomsnittlege prisen for straum levert på spotpriskontrakt (marknadpriskontrakt) i elspotområda Aust- og Sørvest-Noreg 41,5 øre/kWh. Samanlikna med veke 26 svarar dette til ein nedgang på 0,2 øre. I elspotområdet Midt-Noreg var gjennomsnittet for veka 45,3 øre/kWh, tilsvarende ein oppgang på 2,9 øre. I elspotområdet Nord-Noreg var prisen 36,4 øre/kWh (ekskl. mva.), tilsvarende ein oppgang på 2,2 øre frå veke 26. Kunder i Nordland, Troms og Finnmark har fritak frå mva. på straum. I elspotområdet Vest-Noreg gjekk prisen opp med 2,7 øre frå veka før til 38,6 øre/kWh.

Ein samanlikning av året si veke 27 med tilsvarende veke i fjor visar at prisen i elspotområda Aust- og Sørvest-Noreg var 8,9 øre lågare i år enn i fjor. I Vest-Noreg var prisen 11,8 øre lågare enn i fjor, medan den i elspotområda Midt- og Nord-Noreg var høvesvis 5,8 og 4,4 øre lågare enn fjorårsnivået.

Kunder med spotpriskontrakt blir avrekna ut frå månadsgjennomsnittet frå Nord Pool Spot. For juli t.o.m. veke 27 er månadssnittet slik: Aust-Noreg 39,9 øre/kWh; Sørvest-Noreg 39,9 øre/kWh; Midt-Noreg 42,8 øre/kWh; Nord-Noreg 34,4 øre/kWh; Vest-Noreg 36,2 øre/kWh. Prisane inkluderar eit påslag på 1,9 øre/kWh. Prisane for Nord-Noreg er ekskl. mva. sidan Nordland, Troms og Finnmark har fritak frå mva. på straum.

Den gjennomsnittlege prisen på norske eittårige fastpriskontraktar, tilbode i veke 27, var 0,6 øre lågare enn i veke 26. Prisen var 54,1 øre/kWh. Dette er 2,0 øre høgare enn ved same tid i fjor. Snittprisen på dei norske treårige fastpriskontraktane var 52,8 øre/kWh. Dette er 0,1 øre lågare enn i veke 26 og er 1,8 øre høgare enn ved same tid i fjor.

Dei gjennomsnittlege prisane på svenske eitt- og treårige fastpriskontraktane var i veke 27 høvesvis 63,4 og 62,9 øre/kWh.

## **Innhald**


1. Magasinfylling .....	6
2. Tilsig og nedbørtilhøve .....	9
3. Produksjon, forbruk og utveksling .....	11
4. Kraftprisar .....	17
5. Tilstanden til kraftsystemet .....	24

# 1. Magasinfylling


Tabell 1 Magasinfylling. Kjelde: NVE og Nord Pool Spot

	Prosent				Prosentteiningar		
	Veke 27 2011	Veke 26 2011	Veke 27 2010	Median veke 27	Endring frå sist veke	Differanse frå same veke i 2010	Differanse frå median
Noreg	70.5	67.2	56.0	72.3	3.3	14.5	-1.8
NO1	82.4	78.0	63.3	66.5	4.4	19.1	15.9
NO2	62.1	59.1	49.1	64.1	3.0	13.0	-2.0
NO3	82.2	79.8	68.6	71.9	2.4	13.6	10.3
NO4	70.2	67.2	60.9	65.3	3.0	9.3	4.9
NO5	72.5	68.6	48.8	56.2	3.9	23.7	16.3
Sverige	73.6	72.4	66.3	74.7	1.2	7.3	-1.1



Figur 1 Fyllingsgraden til vassmagasina i Noreg. Prosent. Kapasitet=84,3 TWh. Kjelde: NVE






Figur 2 Vassmagasinas fyllingsgrad i Sverige. Prosent. Kapasitet=33,8 TWh. Kjelde: Svensk Energi



Figur 3 Vassmagasina sin fyllingsgrad for elspotområda NO1, NO2, NO3, NO4 og NO5. Prosent. Kjelde: NVE







## 2. Tilsig og nedbørtilhøve

Tabell 2 Tilsig og nedbør. Kjelde: NVE


TWh	Veke 27	Veke 27 Normal	Veke 1-27 2011	Veke 1-27 Normal	Prosent av normal veke	Differanse frå normal til no i år
Tilsig	5.1	4.8	77.4	66.4	107	11.0
Nedbør	3.2	2.1	73.2	54.4	151	18.8

Tabell 2b Forventa tilsig og nedbør i inneverande veke. Kjelde: NVE


	TWh	Prosent av normal
Tilsig	3.5	84
Nedbør	1.5	68

For fleire detaljar når det gjeld vassføring i Noreg sjå: <http://www2.nve.no/h/hd/plotreal/>


Figur 4 Nyttbart tilsig i Noreg i 2010 og 2011, maks, min og gjennomsnitt for perioden 1970-1999, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot og NVE



Figur 5 Nedbør i Noreg i 2009, 2010 og 2011, og gjennomsnitt for perioden 1970-1999, GWh. Kjelde: NVE



Figur 6 Temperaturar i Noreg i 2010 og 2011, og normalår (ref: 1961-90). Kjelde: Meteorologisk institutt



For fleire detaljar om snø, smelting, nedbør og temperatur, sjå: [www.seNorge.no](http://www.seNorge.no)

Her fins blant anna kart med opplysningar om vær, vann og snø kvar einaste dag frå 1960 til og med i morgon.

### 3. Produksjon, forbruk og utveksling

Tabell 3 Norsk produksjon, forbruk\* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: Nord Pool Spot

GWh	År Veke	2010		2011		Endring fra samme veke i fjor	
		27	26	27	Endring fra førre veke		
Produksjon	NO1	466	678	739	60 (8.9%)	273 (58.7%)	
	NO2	293	477	481	3 (0.7%)	188 (64.1%)	
	NO5	397	510	555	44 (8.7%)	158 (39.7%)	
	NO3	301	297	312	15 (5.2%)	11 (3.8%)	
	NO4	389	348	355	7 (2%)	-33 (-8.6%)	
<b>Norsk totalproduksjon</b>		<b>1836</b>	<b>2312</b>	<b>2441</b>	<b>129 (5.6%)</b>	<b>605 (33%)</b>	
Forbruk	NO1	464	490	487	-2 (-0.5%)	23 (5%)	
	NO2	364	370	370	-1 (-0.2%)	6 (1.5%)	
	NO5	372	392	384	-8 (-2.1%)	11 (3%)	
	NO3	316	331	312	-19 (-5.7%)	-4 (-1.2%)	
	NO4	287	277	271	-6 (-2.2%)	-16 (-5.6%)	
<b>Norsk totalforbruk</b>		<b>1763</b>	<b>1860</b>	<b>1824</b>	<b>-36 (-1.9%)</b>	<b>61 (3.5%)</b>	
Import	NO1	-1	-188	-251	-63	-250	
	NO2	72	-107	-111	-4	-182	
	NO5	-25	-118	-171	-53	-146	
	NO3	15	34	0	-34	-15	
	NO4	-102	-71	-84	-13	17	
<b>Norsk nettoimport</b>		<b>-73</b>	<b>-452</b>	<b>-617</b>	<b>-165</b>	<b>-544</b>	

\*Ikkje temperaturkorrigerde tal.

Tabell 4 Nordisk produksjon, forbruk\* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: Nord Pool Spot

GWh	År Veke	2010		2011		Endring fra samme veke i fjor	
		27	26	27	Endring fra førre veke		
Produksjon	Noreg	1836	2312	2441	129 (5.6%)	605 (33%)	
	Sverige	2406	2472	2404	-68 (-2.8%)	-2 (-0.1%)	
	Finland	1060	916	932	16 (1.7%)	-128 (-12.1%)	
	Danmark	405	481	379	-102 (-21.2%)	-26 (-6.4%)	
	Jylland	305	332	268	-64 (-19.3%)	-37 (-12.1%)	
	Sjælland	100	149	111	-38 (-25.5%)	11 (11%)	
<b>Nordisk totalproduksjon</b>		<b>5707</b>	<b>6181</b>	<b>6156</b>	<b>-25 (-0.4%)</b>	<b>449 (7.9%)</b>	
Forbruk	Noreg	1763	1860	1823	-37 (-2%)	60 (3.4%)	
	Sverige	2151	2187	2190	3 (0.1%)	39 (1.8%)	
	Finland	1314	1301	1343	42 (3.2%)	29 (2.2%)	
	Danmark	610	613	605	-8 (-1.3%)	-5 (-0.8%)	
	Jylland	377	375	368	-7 (-1.9%)	-9 (-2.4%)	
	Sjælland	233	238	238	0 (0%)	5 (2.1%)	
<b>Nordisk totalforbruk</b>		<b>5838</b>	<b>5961</b>	<b>5961</b>	<b>0 (0%)</b>	<b>123 (2.1%)</b>	
Import	Noreg	-73	-452	-618	-166	-545	
	Sverige	-255	-285	-214	71	41	
	Finland	254	385	411	26	157	
	Danmark	205	132	226	94	21	
<b>Nordisk nettoimport</b>		<b>131</b>	<b>-220</b>	<b>-195</b>	<b>25</b>	<b>-326</b>	


\*Ikkje temperaturkorrigerde tal.

## Utviklinga i kraftproduksjon og forbruk


Tabell 5 Produksjon, forbruk og utveksling så langt i år. Kjelde: Nord Pool Spot

Norden (TWh)	Til no i år	Same periode i fjor	Endring	
Produksjon	194.2	192.9	1.4	(0.7%)
Forbruk	203.3	202.7	0.6	(0.3%)
Nettoimport	9.1	9.9	-0.8	
Norge (TWh)	Til no i år	Same periode i fjor	Endring	
Produksjon	59.9	60.2	-0.3	(-0.5%)
Forbruk	66.0	66.9	-0.9	(-1.3%)
Nettoimport	6.1	6.7	-0.6	

Figur 7 Produksjonsutvikling i dei nordiske landa, 2009, 2010 og 2011, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Figur 8 Forbruksutvikling i dei nordiske landa, 2009, 2010 og 2011, GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




## Utteksling

Figur 9 Nettoutveksling pr. veke 27 for Noreg og Norden, 2009, 2010 og 2011, GWh. Kjelde: Nord Pool




Figur 10 Import og eksport mellom dei nordiske landa og frå/til tilgrensande område i veke 27 (26) i 2011. Alle tal i GWh. Kjelde: Nord Pool Spot\*



\* Tala i figur 12 er ikkje avstemt mot tala i tabell 3 og 4, og det eksisterer avvik i forhold til netto handelstal i tabell 3 og 4. Kraftflyten mellom Sverige og dei norske elspotområda NO1, NO3 og NO4, samt utveksling internt i Noreg er basert på planlagt elspotflyt. Tala vil avvike frå faktisk utveksling ved endringar i driftsforholda.

Figur 11 Import og eksport i dei norske elspotområda, veke 27. Alle tal i MWh. Kjelde: Nord Pool Spot\*




## Forbruk


Tabell 6 Forbruk, temperaturkorrigert. Kjelde: Nord Pool Spot og Svensk energi

		GWh	GWh	GWh	TWh	TWh	TWh	
		Veke 26	Veke 25	Endring uke	Veke 1 - 26 2011	Veke 1 - 26 2010	Endring hittil i år	
Noreg	Alminneleg forsyning temperaturkorrigert	1215	1217	-2	48.2	48.7	-0.5	(-1%)
	Kraftintensiv industri	532	537	-5	14.2	14.3	-0.1	(-1%)
	Elektrokjelar	43	45	-2	1.7	2	-0.3	(-15%)
	Totalforbruk temperaturkorrigert	1930	1903	27	65.5	66.0	-0.5	(-1%)
Sverige	Totalforbruk temperaturkorrigert	2211	2144	67	74.3	73.6	0.7	(1%)


Figur 12 Temperaturkorrigert totalforbruk i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Figur 13 Temperaturkorrigert forbruk i alminneleg forsyning i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot




Figur 14 Forbruk i kraftintensiv industri i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 15 Forbruk i elektrokjellar i Noreg. GWh. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 16 Totalt kraftforbruk i Sverige, temperaturkorrigerede tall. GWh. Kjelde: Svensk Energi




## 4. Kraftprisar

### Engrosmarknaden


Tabell 7 Kraftprisar – nordiske elspotområder\*. Vekesnitt. Kjelde: Nord Pool og EEX

kr/MWh	Veke 27 2011	Veke 26 2011	Veke 27 2010	Endring veke		Endring fra i fjor	
NO1	317.1	318.7	387.8	-1.6	(-1%)	-70.7	(-18%)
NO2	317.1	318.7	387.8	-1.6	(-1%)	-70.7	(-18%)
NO3	347.5	323.8	393.3	23.7	(7%)	-45.9	(-12%)
NO4	344.6	323.2	388.9	21.4	(7%)	-44.2	(-11%)
NO5	293.2	272.2	387.8	21.0	(8%)	-94.6	(-24%)
Sverige	356.2	326.2	396.6	30.1	(9%)	-40.3	(-10%)
Finland	356.5	326.2	396.6	30.3	(9%)	-40.1	(-10%)
Jylland	371.4	340.2	406.8	31.1	(9%)	-35.4	(-9%)
Sjælland	374.3	338.4	404.5	35.9	(11%)	-30.2	(-7%)
Estlink	353.5	329.5	362.9	24.0	(7%)	-9.3	(-3%)
System	337.5	319.0	387.5	18.5	(6%)	-50.1	(-13%)
Nederland	402.1	342.9	-	59.1	(17%)	-	-
Tyskland	402.1	370.0	391.0	32.1	(9%)	11.1	(3%)

Figur 17 Vekegjennomsnitt for døgmarknadspris (elspotprisen) for prisområde NO1 og European Electricity Exchange (EEX), 2009, 2010 og 2011, kr/MWh. Kjelde: Nord Pool Spot, EEX og EMCC.



Figur 18 Spotprisar i Norden og Tyskland i løpet av veka, kr/MWh. Kjelde: Nord Pool Spot og EEX




## Terminmarknaden


Tabell 8 Terminprisar, nordisk og tysk kraft, samt kvotar. Kjelder: Nord Pool og EEX. Prisane i tabellen er sluttprisar fredag i den aktuelle veka.

		Veke 27	Veke 26	Endring		
Terminprisar (kr/MWh)	Nasdaq OMX	Aug	354.8	332.2	22.6	(7%)
		NP Sep	376.5	366.0	10.4	(3%)
		4. kvartal 2011	391.6	381.2	10.4	(3%)
		1. kvartal 2012	400.3	390.5	9.8	(3%)
	EEX	CfD - Oslo Aug	3.1	3.1	0.0	
		CfD - Oslo 4. kvartal	1.9	1.9	0.0	
		4. kvartal 2011	485.9	477.3	8.6	(2%)
	1. kvartal 2012	488.1	478.2	9.9	(2%)	
CO2 (kr/tonn)	Nasdaq OMX	2011	98.3	103.9	-5.6	(-5%)
		2012	102.8	108.8	-6.0	(-5%)


Figur 19 Daglege sluttprisar for enkelte typar kontraktar i den finansielle kraftmarknaden siste tolv månader, kr/MWh. Kjelde: Nord Pool Spot og EEX



Figur 20 Daglege sluttprisar for utslippskvotar på CO<sub>2</sub>, kr/tonn. Kjelde: Nord Pool Spot



Figur 21 Valutakurs, norske kroner mot euro. Kjelde: Nord Pool Spot




## Sluttbrukarprisar

Tabell 9 Veksesutvikling i sluttbrukarprisar. Alle prisar er inkl. mva. bortsett frå spotpriskontrakt i Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar. Kjelde: Konkurransetilsynet, Nord Pool Spot og NVE

Øre/kWh		Veke 29 2011	Veke 28 2011	Veke 29 2010	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarende veke i fjor
Standard variabel kontrakt	Snitt frå utval av dominerande leverandørar	50,6	52,7	50,1	-2,1	0,5
		Veke 27 2011	Veke 26 2011	Veke 27 2010	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarende veke i fjor
Marknadspris- / spotpriskontrakt	Aust-Noreg (NO1)	41,5	41,7	50,4	-0,2	-8,9
	Sørvest-Noreg (NO2)	41,5	41,7	50,4	-0,2	-8,9
	Midt-Noreg (NO3)	45,3	42,4	51,1	2,9	-5,8
	Nord-Noreg (NO4)	36,4	34,2	40,8	2,2	-4,4
	Vest-Noreg (NO5)	38,6	35,9	50,4	2,7	-11,8
		Veke 27 2011	Veke 26 2011	Veke 27 2010	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarende veke i fjor
Fastpriskontrakt	1 år (snitt Noreg)	54,1	54,7	52,1	-0,6	2,0
	3 år (snitt Noreg)	52,8	52,9	51,0	-0,1	1,8
	1 år (snitt Sverige)	63,4	63,9	62,5	-0,5	0,9
	3 år (snitt Sverige)	62,9	63,0	59,8	-0,1	3,1

Figur 22 Veksesutvikling i pris på standard variabel kontrakt\* tilbode frå eit utval av dominerande leverandørar (volumvege snitt) og spotpriskontrakt\*\* med eit påslag på 1,9 øre/kWh. Kjelder: Konkurransetilsynet, Nord Pool Spot og NVE



\* Prisar for standard variabel kontrakt meldas to veker fram i tid.


\*\*Alle prisar bortsett spotpriskontrakt for Nord-Noreg inkluderar mva.

Tabell 10 Månadsprisar for spotpriskontrakt\*. Kjelde: Konkurransetilsynet, Nord Pool Spot og NVE

Øre/kWh	Aust-Noreg (NO1)	Sørvest-Noreg (NO2)	Midt-Noreg (NO3)	Nord-Noreg (NO4)	Vest-Noreg (NO5)
Juni 10	47,1	47,2	45,7	37,5	47,3
Juli 10	47,6	47,6	47,7	38,4	47,6
August 10	44,4	44,4	44,3	35,7	44,4
September 10	50,0	50,0	52,7	41,3	50,0
Oktober 10	51,5	51,4	53,7	42,8	51,5
November 10	58,0	56,5	59,2	47,7	57,5
Desember 10	83,9	73,7	92,9	74,7	83,6
Januar 11	72,1	69,9	70,5	56,8	72,6
Februar 11	66,5	65,0	65,5	52,7	66,5
Mars 11	65,9	65,8	64,6	52,0	65,9
April 11	54,8	54,8	54,5	45,4	54,8
Mai 11	55,5	55,5	55,3	44,7	55,5
Juni 11	49,2	49,2	49,3	39,8	46,7
Juli 11 - t.o.m. veke 27	39,9	39,9	42,8	34,4	36,2


\*Alle prisane inkluderar mva. bortsett frå prisane i elspotområdet Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar.

Figur 23 Månadsprisar for spotpriskontrakt\*. Kjelde: Nord Pool Spot og NVE



\*Alle prisane inkluderar mva. bortsett frå prisane i elspotområdet Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar.

Figur 24 Utviklinga dei siste 52 vekene i prisane for norske og svenske eitt- og treårige fastpriskontraktar, basert på eit årleg forbruk på 20000 kWh. Alle prisar inkl. mva. Aritmetisk gjennomsnitt. Norske øre/kWh. Kjelder: Energimarknadsinspeksjonen og Konkurransetilsynet



## 5. Tilstanden til kraftsystemet<sup>1</sup>

*Det er vedlikehaldsarbeid på linjenett og ved kraftstasjonar fleire stader i Norden. For meir informasjon om linjer og kraftverk viser vi til Nord Pool Spot sine heimesider.*

- På grunn av arbeidet med Oslofjordkablane har det i lengre tid vore redusert kapasitet mellom Aust-Noreg (NO1) og Sverige. Den 16. oktober 2009 var Oslofjord-forbindelsane tilbake i ordinær drift. Kapasiteten i retning Sverige vil likevel i periodar kunne bli redusert til ned mot 600 MW grunna redusert kapasitet på kabelen Rød-Hasle. Dette vil avhenge av utvekslinga mellom Sørvest-Noreg og Danmark/Nederland samt fordelinga av produksjon og forbruk på norsk side. I følgje Statnett vil dette halde fram til kablane over Oslofjorden er oppgraderte.
- Grunna arbeid på Hasle stasjon har overføringskapasiteten mellom Aust-Noreg og Sverige (2145/2095 MW) vore redusert i lengre tid. 6. juli var arbeidet ferdigstilt og det var igjen full kapasitet på linja.
- Vedlikehaldsarbeid på linja mellom Ofoten og Kobbelv fører til at overføringskapasiteten mellom Nord-Noreg og Sverige (800/700 MW) er redusert til (350/450 MW) i perioden 4. - 16. juli. Overføringsforbindelsen mellom Nord- og Midt-Noreg (1000/200 MW) vert også påverka av vedlikehaldet og redusert til (350/0 MW) i same perioden.
- Vedlikehaldsarbeid på linja mellom Marka og N. Røssåga førte til at overføringskapasiteten mellom Midt-Noreg og Sverige (600/1000 MW) var redusert til 600 MW i retning Sverige i perioden 5. til 7. juli. I denne perioden var også overføringskapasiteten mellom Nord-Noreg og Sverige (800/700 MW) redusert til (350/450 MW).
- Av omsyn til interne tilhøve i det polske sentralnettet vil overføringskapasiteten imellom Sverige og Polen (600/300 MW) vere redusert til 300/0 MW i heile juli månad.
- Det norske vasskraftverket Svartisen (350 MW) gjekk ut av drift 27. januar grunna ein feil ved anlegget. Oppstarten var 9. juli 2011. Det nye aggregatet ved Svartisen (250 MW) skal ifølgje siste marknadsmelding starte testkøyring 15. juli 2011.
- På grunn av marknadssituasjonen er det norske gasskraftverket på Kårstø (420 MW) ikkje i drift. Det vil vere tilgjengeleg for marknaden på rundt 8 dagars varsel.
- Det norske vasskraftverket Tonstad G5 (320 MW) er ute til vedlikehald i perioden 26. april – 18. november.
- Det finske kolkraftverket Inkoo B2 (230 MW) er ute til vedlikehald i perioden 1. mai – 15. juli.
- Det finske gasskraftverket Suomenoja (234 MW) er ute til årleg vedlikehald i perioden 27. juni – 18. juli.
- Det finske kolkraftverket Vaskiluoto B2 (223 MW) er ute til årleg vedlikehald i perioden 2. juli – 29. august.
- Det danske kolkraftverket Fynsværket 7 (410 MW) gjekk ut til vedlikehald 24. mai, ein dag tidlegare enn planlagt som følgje av ein brann ved kraftstasjonen. Vedlikehaldet har vist seg å vere omfattande og kraftverket vil vere ute til vedlikehald fram til 21. august. Vidare arbeid etter oppstarten fører til at kapasiteten ikkje vil vere høgare enn 190 MW frå oppstarten og fram til 26. september.

---

<sup>1</sup> Kjelde: <http://www.nordpool.no> ("Urgent Market Messages (UMM)").

- Det danske kolkraftverket Enstedværket B3 (670 MW) var ute til vedlikehald i perioden 29. juni – 6. juli.
- Det svenske gasskraftverket Malmö CHP (448 MW) var grunna ein feil ute av drift 12. – 14. juni. Kraftverket gjekk vidare ut til årleg vedlikehald og oppgradering 20. juni og vil vere ute av drift fram til 4. september.
- Det svenske kjernekraftverket Ringhals 2 (865 MW) gjekk ut til vedlikehald 1. april. Vedlikehaldet har vist seg å vere meir omfattande enn først antatt. Kraftverket er venta tilbake 31. august, men det er ei uvisse i oppstartsdatoen på meir enn 31 dagar.
- Det svenske kjernekraftverket Ringhals 4 (934 MW) gjekk ut til årleg vedlikehald 31. mai. Kraftverket er venta tilbake i drift 8. september.
- Det svenske kjernekraftverket Oskarshamn 3 (1400 MW) gjekk ut til årleg vedlikehaldet 22. mai. Kraftverket kom tilbake i marknaden 28. juni. Vibrasjonar i turbinane fører til at kraftverket ikkje vil ha makskapasitet på meir enn 800 MW på ubestemt tid.
- Det svenske kjernekraftverket Forsmark 1 (978 MW) var ute til årleg vedlikehald 10. april – 22. juni. Fram til 8. juli varierte kapasiteten mellom 300 og 860 MW som følgje av turbintestar ved kraftverket.